

# Møte i politisk prosjektgruppe

**Dato:** 11.01.2018

**Tid:** kl. 14:00 - 16:00

**Stad:** Førde rådhus - Sunnfjordsalen

**Til stades:**

Prosjektleder Bjørn-Harald Haugsvær KrF Førde  
Prosjektmedlem Ragnhild Sæle Ap Jølster  
Prosjektmedlem Helge Robert Midtbø Ap Førde  
Prosjektmedlem Anders Kristian Sægrov H Jølster  
Prosjektmedlem Heidi Vallestad SV Gaular  
Prosjektsekretær Lise Mari Haugen

**Forfall:**

Prosjektmedlem Oddmund Klakegg Sp Jølster (deltok i ei anna prosjektgruppe)  
Prosjektmedlem Lena Kristin Eliassen Sp Naustdal  
Prosjektmedlem Olve Grotle H Førde (deltok i ei anna prosjektgruppe)  
Prosjektmedlem Gunn Merete Paulsen V Førde (deltok i ei anna prosjektgruppe)

**Utsendt til møte:**

Forslag til prosjektdirektiv  
Oversikt interkommunale samarbeid pr. 01.01.2018  
Eigarmelding Jølster kommune 2017-2019  
Eigarmelding Naustdal kommune 2017-2019  
Eigarmelding Førde kommune 2018-2019

**1. Presentasjonsrunde**

Kva av representantane presenterte seg kort.

**2. Forslag til prosjektdirektiv**

Forlag til prosjektdirektiv vart vedteke med følgjande justeringar:

- Pkt. 2 Effektmål: vart justert med raud skrift:

- Vurdere dagens omfattande samarbeid med mål om å effektivisere leiing, administrasjon og drift og flytte meir kontroll og styring over til politisk nivå.
- Sunnfjord kommune skal vere ei drivkraft i regionen.

- Pkt. 2 Resultatmål - drøftingsdel vart justert med raud skrift:

- Drøftingsdel der prosjektgruppa si vurdering av gjeldande eigarskap og forslag til eventuelle endringar. Vurdere kostnadsfordeling ved interkommunale samarbeid gjeldande frå 01.01.2020.

- Pkt. 4.1 Interessentoversikt

- Nytt punkt : Som grunnlag for drøftingsdelen bør det kartleggast kva andre samarbeid/kommunar tenker framover.

**3. Eigarstrategi for Sunnfjord Energi**

Helge Robert Midtbø spelte inn at det hastar å samkøyre den kommunale eigarskapen i Sunnfjord Energi. Dette gjeld i tillegg til kommunane i Sunnfjord kommune og Fjaler, Hyllestad og Solund. Totalt eigarskap for kommunane er 62,55 %. Helge Robert vil ta opp denne saka

med ordførarane og be om at det vert sett ned eit eige utval beståande av alle eigarkommunane.

**4. Dato for neste møte i prosjekt**

Det er kalla inn til møte i prosjektgruppa onsdag 31. januar og måndag 12. februar. Prosjektgruppa held på måndag 12. februar og avlyser møte onsdag 31. januar.

**5. Tema på neste møte i prosjektgruppa**

- Faktadel

- Forslag til mal for innhenting av informasjon - kva treng vi av informasjon?
  - Kostnadsfordelingsmodell for interkommunale samarbeid
  - Avtalestruktur/ oppseiing
  - Lokalisering
- Kommunikasjon med alle samarbeidspartar i kartleggingsfasen.
- Konkretisering av kartleggingsprosessen